

06/24. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset.

Tid: Torsdag 05.09.24 Kl. 19.00-21.00

Desse møtte: Jorunn B. Lillefosse, Margun M. Tordal, Tor Håkon Berge, Kjell Hoff, Helena de Groen, Renathe B. Nernes, Lillian H. Fosse, Vetle Karlsen Eide (kom kl. 20.20).

Opningsord v/Margun. 2.Tim. 3, 16-17.

Sakliste:

37/24: Godkjenning av innkalling og møtereferat.

Ingen merknader.

38/24: Offerliste for 2.halvår -24.

Lista som blei lagt fram av leiar blei godkjent.

39/24: Medarbeiderfest. Praktisk arbeid før/under/etter festen. Dato: 16.09.24.

Sett opp arbeidsliste: Tor Håkon lagar Quiz, Margunn tek seg av resten av det kulturelle programmet. Jorunn Jan Knut og Renathe lagar mat. Alle i soknerådet hjelper til med tillaging, servering og rydding.

40/24: Gudsteneste/folketonemesse og konfirmantjubileumsfest. Praktisk arbeid før/under/etter festen. Dato: 27.10.24?

Pga diverse omsyn vert konfirmantjubileumet flytta til 24.11.24. Arbeidslister mm, vert tatt opp på neste møte.

41/24: Mampion, kateket, orienterer om konfirmantarbeidet.

16 konfirmanter er påmelde (av 19), har 4 samlingar før jul, har 4 valfrie aktiviteter dei kan engasjera seg i, tilbud om å gå på 8 gudstenester (må ha 3). Soknerådet ynskjer at dei kanskje kunne delta i kyrkjelydsarbeidet som t.d. kyrkjevert eller på sundags-skulen. Forslag til neste konfirmantkull.

42/24: «Kirka vår». Planlegging for hausthalvåret.

Vetle orienterte om årshjulet – eit forslag om korleis ein møteplan for soknerådet kan sjå ut. Kva er oppgåvene våre no i hausthalvåret?

43/24: Strandebarm kyrkje 150 års-jubileum i 2026. Komite.

Denne saka vart utsett til neste møte, og leiar ba oss koma med forslag til komite.

44/24: Ljos-skjerming i kyrkjelydshuset.

Etter at husstyret har innhenta diverse løysingar, er soknerådet kome til at me går for TV skjerm på veggen i staden for lamellar. Denne løysinga er klart billigast.

Meldingar:

- Oppmøte på tilstellinga på Jonsokafta (i regi sundagsskulen) var bra. Ca 30 stk. møtte.
- Ingen merknader til forslag om møtedatoar (soknerådet) for hausthalvåret
- Folketonemessa 29.09. er retta på listene for kyrkjevertane. Brigit Sigve Skeie er prest denne dagen.
- 13.10. er endra frå ei felles gudsteneste i Øystese til vanlig gudsteneste her i Strandebarm kl. 17.00.
- Det er ynskje om at det kjem opp eit skilt/infotavle om camping forbudt ved kyrkjelydshuset, båndtvang for hundar og at hundeskit skal plukkast opp. Det er ikkje så greit at dette ligg igjen rundt kyrkja.
- Meiningsutveksling om korleis klarer vi å få opp antall kyrkjegjengere.
- Kjell Hoff har lova å installera ljøs på loftet i kyrkjelydshuset.
- Orgelnemnda har fått 2 rapporter om stoda på kyrkjeorgelet. Desse vert sende til orgelfabrikanten Ryde & Berg, det er stor forskjell i rapportane om kva som må gjerast.
- Frankie har ordna med internetttilgangen i kyrkjelydshuset.
- Kven vil/kan vera med på trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden? Det vert sendt rundt liste som vi kan skriva oss på.
- Liste med møteplan for sundagsskulen (fram til nyttår) vart levert ut.

Møte slutt kl. 21.00

Referent

Jorunn B.Lillefosse